

Innkalling og referat – FAU-møte ved Klepp ungdomsskule

Dato og tid for møte: 25.09.23

Rom: Møterom Varden

Møtte:

Klasse	FAU-representant	Kryss av	Vararepresentant	Kryss av
8a	Rose Linda Pedersen (2 år)	X		
8b	Hilde Grude (2 år)	X		
8c	Arild Vik (1 år)	X		
8d	Pål Pollestad (1 år)	X		
9a	Rita Butterworth			
9b	Hanne Bloch Valebjørg	X		
9c	Magrete Torland	X		
9d	Ola Sotnakk	X		
10a	Helene Grude	X		
10b	Linda Øvrebø	X		
10c	Geir Erik Ellefsen	X		
10d	Martin Hove			

Fråvere: Rita og Martin

23/24-1	<i>Om FAU – kva nå?</i>
Informasjon om saka	
Rektor informerte kort om	
- Organisering – kontinuitet - årshjul - Rektor si rolle - Elevråd - https://www.minskole.no/kleppu/Underside/5593	

23/24-2	<i>Konstituering av FAU (og medlemmar til SU, Samarbeidsutvalet og SMU)</i>
Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:	
Snakka om innhald og ansvar i FAU. Informerte om kven som hadde verva i fjor. Leiar, nestleiar og sekretær sa at dei kunne stille vidare.	
Kva blei bestemt: Desse blei valde:	
<ul style="list-style-type: none">• Leiar: Geir Erik Ellefsen• Nestleiar: Hanne Bloch Valebjørg• Kasserar: Hilde Grude• Sekretær: Ola Sotnakk SU (Samarbeidsutval): Leiar og nestleiar stiller.	

SMU (Skulemiljøutval): Leiar, nestleiar og Magrete Torland

KFU (kommunalt FAU): Hanne Bloch Valebjørg

Ordning: Rektor skriv referatet i dette møtet. Rutine framover er at referatet blir godkjent av FAU-leiar og sendt rektor. Rektor legg ut på heimesida.

23/24-3 | *Sak til SU*

Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:

- Kort orientering om høyringa som skal opp på onsdag 27.09.23 i SU.

Spørsmål inn til møtet:

- Kva er konsekvensane for Klepp u viss det blir ny ungdomsskule på Engelsvåg
- Ein konsekvens kan vera at nokre trinn vil bli tre klassar i staden for fire. Dette vil sannsynleg ikkje skje kvart år.
- Viss ny ungdomsskule på Orstad – skal den og kanskje ta inn Engelsvoll-elevane

23/24-4 | *Orientering om innmeldt sak*

Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:

- FAU-leiar leste opp eit anonymt brev han har fått. Ei gruppe foreldre ytrer stor bekymring for miljøet på skulen, der det er rykter om rus, vald, utpressing med meir.
- FAU-leiar informerte også om at han sjølv har kontakta skulen sin politikontakt Asgeir og ansvarlege for rus i kommunen.
- Bør det vera ei veke med haldningskampanje på skulen?
- Foreldremøte med dette som tema?
- Rektor viste også til saka på heimesida; «Invitasjon til foreldrekveld på rådhuset og webinar i regi av barnevakten og nettpatruljen», som nok vil treffa ein del av problemområdet. Dette er på rådhuset 4. okt.
- Er det andre kommunar / skular som har fiksa liknande tilstander – og som Klepp kan sjå til?

Kva blei bestemt:

- Fau-leiar ønskjer å få til eit møte med fleire ansvarlege i Klepp. (KTT, SLT, politi, barnevern, skuleleiing, ansvarlege for rus, andre)
- Fau-leiar er klar på at det må vera foreldra i saman med skulen, som må gjera alt ein kan for å betra situasjonen.
- Fau-leiar vil ha ei mindre foreldregruppe for å koma med moglege forslag på kva foreldra og skule og kommune kan gjera i saman for å møta problemområdet på best mogleg måte. Medlemmer i gruppa i tillegg til leiar blei Hanne Bloch Valebjørg og Pål Pollestad. Geir Erik kallar inn desse.
- Rektor vil sjølvsagt vera med der det er ønskeleg.
- Fau-leiar og rektor ønskjer å få ut ei melding til alle foreldra, men det er viktig at ein vurderer kva som skal stå - og at ein har tenkt gjennom kor bekymra foreldre kan venda seg etter ei slik melding. Det er viktig at å vita at problemet er ut frå nokre få elevar, ikkje alle – og at ein skal vita at skulen arbeider med alle sakene individuelt.

Kven tek ansvar:

Fau-leiar og rektor

Neste møte	Måndag 23.10 kl 19:00
Oppsummering	<i>Sakar som skal følgjast opp neste møte:</i>
Leiar prøver å lage eit årshjul på møter	
Send ut nr på alle i Visma – rektor fikser dette.	
Oppfølging av sak 23/24-4	
Mogleg: Sakar frå KFU (kommunalt FAU) 16.10.23	